


Karmøy, Sandve hamn

Sandve hamn ligg på vestsida av Karmøy, om lag 5 km nordvest for Skudeneshavn.

Purpurmarihand veks i eit steinbrot på nordsida av hamna, i den nordvestre delen. I vest grensar området til Vikrasanden. Steinbrotet der purpurmarihand veks er skote ut i samband



med utviklinga av Sandve hamn, og steinmassane er brukte til moloar. I botnen av steinbrotet er det i dag eit fukteng-liknande område. At slike industriområde kan understøtte talrike førekomstar av orkidear er også kjent frå andre område, sjå t.d. Shaw (1998). Også på Jæren har purpurmarihand vakse i eller ved industritomter, m.a. ved ein kassefabrikk og eit pukkverk ved Sirevåg.

Under synfaringa i 2011 blei det talt 469 individ av purpurmarihand. Arten veks saman med artar som duskull, gråstarr, tiggarsoleie, elvesnelle og brei dunkjevle. Engkransmose er flekkvis talrik. Førekomsten av purpurmarihand har lenge vore kjent i området. Arten blei såleis funnen på Vikra i 1953 (Fægri), truleg Vikrasanden.

Purpurmarihand i Sandve hamn.

Purpurmarihand er også kjent frå området like sør for Sandve hamn, på nord- og sørsida av Sandvesanden. Arten har derfor truleg kolonisert steinbrotet frå omkringliggjande område. Tydelegvis er vekstvilkåra i steinbrotet gode. Lundberg (1998) talte i 1996 1401 blomstrande eksemplar, i tillegg til mange som ikkje blomstra. I juni 2011 var det deponert haugar av jordmassar over store delar av steinbrotet, truleg berre for mellombels lagring.

Purpurmarihand var talrik i området ved sida av og mellom jordhaugane, og truleg var det mange under massane. Etter feltarbeidet i 2011 vart naturforvaltaren i Karmøy orientert om saka, og entreprenøren som hadde deponert massane fekk dei fjerna. Om me føreset at under jordmassane som var deponert i området i 2011 var >100 individ av purpurmarihand, er førekomsten ved Sandve hamn i dag den mest talrike førekomsten av purpurmarihand i Noreg. Dømet viser kor sårbare sjeldsynte og raudlista artar ofte er, og korleis tilfeldige inngrep kan ramme store delar av populasjonane. Steinbrotet bak Sandve hamn har i dag ingen form for vern, og det er ingen garanti for at inngrep eller forstyrningar ikkje igjen kan ramme førekomsten av purpurmarihand.



Purpurmarihand veks i eit steinbrot i bakkant av Sandve hamn. I bakgrunnen ser me Vikrasanden, innafor vegfyllinga. Naturen har kolonisert det gamle steinbrotet, og det har utvikla seg til eit område med særst spesielt biologisk mangfald, inklusive store mengder av den raudlista orkideen purpurmarihand, samt brei dunkjevle o.a. Om det får utvikle seg vidare, har det potensiale til å bli ennå meir variert.

Det meste av området er i kommunalt eige, og er regulert som industriområde. Truleg er dette ei gammal regulering, og til alt hell har det til dags dato ikkje kome noko framlegg om å nytte området til industriføremål. Karmøy kommune er i 2012 i gang med å revidere arealdelen av kommuneplanen, og ein bør i den samanhengen omregulere det aktuelle området med purpurmarihand til naturområde. Som sagt grensar området i nord til Vikrasanden, som i gjeldande kommuneplan er regulert som friområde. Det er svært ønskeleg å utvide dette mot sør, slik at det også inkluderer området med purpurmarihand.

Etter at massane blei fjerna i løpet av 2011, var håpet at det skulle ligge rotknollar av purpurmarihand igjen i jorda, og at desse ville spire. Synfaringa i juni 2012 og 2013 viste at så ikkje hadde skjedd inntil då. Det blei ikkje registrert purpurmarihand i den delen av området som hadde vore dekt av jordmassane. Lokaliteten vil bli følgt opp i dei næraste åra, for å finne ut om knollar som eventuelt ligg i jorda vil spire, eller om arten vil rekolonisere området. I dei delane av området som ikkje hadde vore dekt av jordmassar, blei det i 2012 registrert 487 blomstrande eksemplar av purpurmarihand (469 i 2011). I 2013 blei det funne 488 eksemplar i det same området. Det viser at situasjonen er stabil samanlikna med 2011. Likevel er dette berre om lag 1/3 av situasjonen i 1996. Jamvel om det i 2012 ikkje vart funne purpurmarihand i områda som hadde vore dekt av jordmassar, hadde det kome fram andre artar etter at jordmassane var fjerna. Den mest talrike av desse var tiggarsoleie, men også krypsev og englodnegras var reetablert. Vegetasjonen var spreidd og på ingen måte samanhengande, så det er grunn til å tru at dette vil endre seg i åra framover. Venteleg vil vegetasjonen bli tettare etter kvart. I 2013 var krypsev og englodnegras forsvunne, og det var mindre tiggarsoleie enn året før. Dette er normalt og uttrykk for at vegetasjonen går seg til etter at jordmassane blei fjerna. I staden var det kome fram mykje ryllsev, dunkjevle og mannasøtgras. Alle desse er våtmarksartar og viser at området har potensiale til å utvikle seg til eit flott våtmarksområde. Purpurmarihand står like ved, og vil kunne ta tilbake arealet der jordmassane var deponerte om området blir overlata til seg sjølv.

Eit problem er at det stadig kjem nye deponi i området. I juni 2013 var det plassert to store kabeltrommer og to kontainarar der jordmassane låg i 2011. I tillegg var det fylt ut med grus for å opparbeide parkering for bilar og for å utvide vegen til Skårnes. Det er svært beklageleg at dette skjer i eit område med så store naturverdiar som lett blir øydelagde av tilfeldige hendingar.

I 2013 oppdaga eg at purpurmarihand også veks i ein annan, tilgrensande del av Sandve hamn, like sør for området som er omtalt i teksten framføre. Her var det 145 individ i 2013. I Sandve hamn var det i 2013 dermed 488 + 145 individ av purpurmarihand, til saman 533 individ. Dette gjer populasjonen til ein av de mest talrike i Noreg.



Purpurmarihand frå Sandve hamn. Plantene herifrå er særst kraftige og velutvikla.